UNIVERSITETET I BERGEN
Det juridiske fakultet

Styre: Fakultetsstyret ved Det juridiske fakultet
Styresak: 50/16
Møtedato: 2016
Journalnummer:

INSTRUKS OM OPPGÅVEGJEVING OG SENSUR. FORSLAG TIL ENDRING.

Saken ble behandlet i Studieutvalget den 24. mai, og utvalget fattet slikt vedtak i sak 47/16:

Det innstilles overfor fakultetsstyret på at Instruks om oppgåvegjeving og sensur endres som foreslått.
Antall studenter ble endret fra fire til åtte etter avstemning:
Fire stemte for åtte studentrepresentanter (to pr. utvalg). (Linda Grøning, Jonas Jensen, Vegard Fosso Smievoll, Erling Kristoffer Ravnanger)
Tre stemte for fire studentrepresentanter (én pr. utvalg). (Bjørnar Borvik, Jan-Ove Færstad, Kjersti Bakke Sørensen).

Saksframstilling:

Instruks for studentrepresentanter i oppgaveutvalg

NOTAT

31. mai 2016

Fra studieseksjonen (v/KJESO)
Til Studieutvalget

Bakgrunn

I følge Instruks om oppgåvegjeving og sensur for mastergraden[1] skal det avholdes et oppgaveutvalgsmøte minimum 14 dager før eksamen. Oppgaveutvalget skal spesielt kontrollere at eksamensoppgavene er klart og tydelig formulerte med tanke på faglig innhold og form for oppgavesvar.

På møtet deltar normalt emneansvarlig, én storgruppe-/seminarleder i emnet og to studentrepresentanter. Studentrepresentantene oppnevnes av Juridisk Studentutvalg (JSU). Studiedekan og administrativt ansvarlig kan også møte hvis ønskelig. Det kan gjøres helt eller delvis unntak fra krav om studentdeltakelse i utvalget dersom JSU ikke kan fremskaffe studentrepresentanter.

Dersom det besluttes å gjøre store endringer i oppgaveteksten, avtales det tidspunkt for et eventuelt oppfølgingsmøte. Oppgaveteksten leveres tilbake til studieårsansvarlig for makulering umiddelbart etter møtet[2].

[1] http://www.uib.no/jur/22792/instruks-om-oppg%C3%A5vegjeving-og-sensur

For spesialemner og masteroppgave skal det ikke være oppgaveutvalg. For spesialemnene fastsetter den emneansvarlige oppgave.[3]

Hvem som er studentrepresentanter varierer fra emne til emne. På de fire første studieårene avholdes det 16 eksamener hvert år, og det er dermed et betydelig antall studenter som er involvert i utarbeidelsen av eksamensoppgaver – potensielt 32 ulike personer. Som nevnt er det JSU som fremskaffer og oppnevner disse representantene, og fakultetet har slik ikke noen direkte tilknytning til de studentene som er med på å utarbeide eksamensoppgavene.

Det er også JSU som har utformet detaljerte regler for studentrepresentantene i oppgaveutvalgene, og slik står som avsender. Det er ikke heldig at det er JSU, og ikke fakultetet, som fremstår som oppdragsgiver og normgiver for oppgaveutvalg, og fakultetet har i tillegg begrensete muligheter for represalier ved eventuelle regelbrudd. Fakultetet er kjent med at det i etterkant av oppgaveutvalgsmøter har forekommet brudd på taushetsplikten, men disse overtredelsene har blitt håndtert av JSU uten at fakultetet har vært involvert.

Med disse elementene som bakteppe legges det nå frem forslag om å endre rutinene for oppgaveutvalgene noe, med det formål å gjøre utarbeidingen av eksamensoppgavene sikrere og ansvarsfordelingen tydeligere.

Forslag til ny ordning for studentrepresentanter i oppgaveutvalg

Studieseksjonen foreslår å endre ordningen med at JSU innhenter studentrepresentanter til oppgaveutvalg. Forslag til nytt opplegg er som følger:

1. Fakultetet ansetter fire faste studentrepresentanter:
    - Hver representant vil ha ansvar for å delta i samtlige oppgaveutvalg for et bestemt studieår
    - Ved å benytte faste representanter vil det tilbakevendende problemet med å finne representanter til fjerdeårsemnene kunne bøtes på.
    - De skal få opplæring/instruksjon før de deltar i oppgaveutvalg, for eksempel av studiedekanen.
    - De vil få en fast kontaktperson i studieseksjonen som de kan henvende seg til ved eventuelle spørsmål.
    - Studentrepresentantene kan gjerne rekrutteres blant arbeidsgruppelederne. De kjenner nivået på masterstudiets ulike studieår, og de er faglig trygge. Hvis man ansetter arbeidsgruppeledere er det viktig at de ikke benyttes som representanter for det studieåret de er arbeidsgruppeleder for.
    - Studentrepresentantene vil lønnes for hvert oppgaveutvalg de deltar i[4], og de vil i tillegg få en attest på ansettelsesforholdet ved studieårets slutt.
2. Retningslinjene for studentrepresentanter i oppgaveutvalg nyskrives, og fakultetet skal stå som avsender for disse reglene. Retningslinjene bør publiseres på nett, slik at ordningen er transparent, rammene er tydelig formidlet og reglene lett tilgjengelige.

---

[2] Praksis på de fleste studieårene er at emneansvarlig tar imot disse papirene; noen med den grunngivelse at studentene skriver ting som er av nytte for den emneansvarlige. Denne får da beskjed om å makulere når vedkommende er ferdig med notatene.

[3] http://www.uib.no/jur/36289/eksamen-og-sensur (velg fanen «Oppgaveutvalg»)

[4] Det gjør de selvsagt også i dagens system: de lønnes av fakultetet, men det er JSU som besørger arbeidsavtalene og honorarskjemaene.

Fordeler ved en ny ordning

Fordelene med foreslåtte ordningen kan oppsummeres slik:

1. Fakultetet får et tydelig oppdrags- og arbeidsgiverforhold til representantene
2. Faste representanter muliggjør bygging av et sterkere lojalitetsforhold til fakultetet
3. Digitaliseringen av eksamen ved fakultetet gir økte muligheter til å eksperimentere med vurderingsformene i rettsvitenskapsstudiet. Når disse mulighetene blir utforsket vil studentrepresentantene kunne bidra med verdifulle innspill i og med at de vil ha oversikt og erfaring knyttet til eksamensformer som allerede er benyttet på studieåret.
4. Færre studenter involveres direkte i utformingen av eksamensoppgavene.
5. JSU trenger ikke lenger bruke tid på å finne representanter, noe som kan være relativt tidkrevende.
6. JSU slipper å håndtere eventuelle saker knyttet til regelbrudd.

Studieseksjonen har bearbeidet og oppdatert Instruks om oppgåvegjeving og sensur i tråd med de skisserte endringene. Punkt 1 og 2 har gjennomgått vesentlige endringer, mens det på de øvrige punktene kun er gjort redaksjonelle endringer.[5]

Hvis forslaget om ny ordning vedtas, vil studieseksjonen umiddelbart utarbeide tekst til stillingsutlysning, informasjon til studentene, kontrakter til studentrepresentantene og annet materiale som er nødvendig for iverksettingen.

Ordningen tenkes å være virksom i god tid før høstens første eksamener.

Forslag til ny revidert for studentrepresentanter i oppgaveutvalget er vedlagt.

[5] Alle referanser til «kurs» er for eksempel endret til «emne»

Instruks om oppgåvegjeving og sensur

Dato: 11.02.2009 (Sist oppdatert: 23.12.2015)

Instruks om oppgåvegjeving og sensur for integrert masterprogram i rettsvitskap ved Universitetet i Bergen.

Vedteke av styret 9.09.2003. Teksten er ajourført etter fakultetsstyrevedtak 16.06.2011 om ny studieplan og nye utfyllande reglar for masterstudiet. Sist endra av Fakultetsstyret ~~7. juni 2013.~~ ***7. juni 2016.***

Fastsetjing av oppgåver

1.1 Oppgåveutval

Det skal haldast oppgåveutval for alle obligatoriske emne på 1. – 4. studieår. For valemne og masteroppgåve skal det ikkje vera oppgåveutval, og det er den emneansvarlege for det einskilde valemne som fastset oppgåver.

1.1.1 Formål

Oppgåveutvalet er ein del av fakultetet sitt opplegg for kvalitetssikring, og skal bidra til å sikre at oppgåvene er klårt og eintydig formulerte med tanke på fagleg innhald og form for oppgåvesvar, jf. fakultetet sine retningsliner for utforming av prøvar i rettsstudiet.

1.1.2 Samansetjing

Dei som tek del i oppgåveutvalet er

- emneansvarleg for det aktuelle kurset
- ein seminar-/storgruppeleiar e.l.
- to studentrepresentantar oppnemnd av fakultetet

Om det er ønskjeleg kan også studiedekan og studieårsansvarleg stilla.

Det kan gjerast unntak frå krav om studentdeltaking i utvalet dersom ein ikkje kan skaffa studentrepresentant.

1.1.3 Førebuing til oppgåveutvalet

Studentrepresentanten skal gjennomgå eksamensoppgåva innanfor det tidsrommet han eller ho får til rådighet, og i det lokalet som vert angitt. Representanten skal mellom anna kontrollera at oppgåva er i samsvar med læringsmåla som er satt, er passe omfattande og er egna til å skilja ut kandidatar på alle karakternivå. Oppgåva skal også vere i tråd med fakultetet sine retningsliner for utforming av prøvar i rettsstudiet.

1.1.4 Teieplikt

Medlemmane har teieplikt om drøftingane i oppgåveutvalet og om oppgåveframlegg og fastsette oppgåver til oppgåvene er gjorde kjende for studentane.

Om teieplikta og avgrensinga av plikta gjeld elles forvaltningslova §§ 13-13c.

1.2 Nivå på eksamensoppgåver

Eksamensoppgåver skal utformast under omsyn til emnet sine læringsmål og den undervisninga som har vore gjeven. Det skal takast omsyn til at vurderinga (sensuren) skal skje i samsvar med dei kvalitative karakterskildringane, både dei generelle og dei fagspesifikke.

Oppgåve og sensorrettleiing skal utformast med sikte på at studentane sine samla relevante ferdigheiter kjem til uttrykk og vert løna. Over tid (ein periode på 5 - 8 år) er det grunn til å venta at dette vert spegla i karakterstatistikken:

A	B	C	D	E
8 - 12 %	20 - 30 %	24 - 36 %	20 - 30 %	8 - 12 %

1.3 Utarbeiding av andre oppgåver

For emne som inngår i dei tre første studieåra skal den emneansvarlege seinast to veker før emnestart leggje fram dei oppgåvene studentane skal svara skriftleg på i emnet. Studentane skal også få informasjon om

1. timeplan
2. fristar for levering og kommentering
3. fordelinga på individuelle svar og fellessvar. Dette gjeld ikkje oppgåver som er nemnde i punkt 1.2.

Den emneansvarlege kan endre oppgåvene seinare, og både emneansvarleg og storgruppeleiar kan laga tilleggsoppgåver til bruk i storgruppemøte o.l.

1.4 Moment til vurderinga (sensorrettleiing)

Den emneansvarlege skal laga moment til vurderinga (sensorrettleiing) for alle oppgåver. For oppgåver som ikkje inngår som grunnlag for karakteren for emnet kan sensorrettleiinga sløyfast dersom den emneansvarlege finn grunn til det. Kravet om sensorrettleiing gjeld ikkje for den mindre avsluttande prøva i EXFAC – Juridisk forprøve eller valemna.

Sensorrettleiinga skal kort gjera greie for kva problemstillingar som det er rimeleg å vente at studentane tek opp. Vidare skal det gjerast greie for kva grunnlag emnet har gjeve for å svara på oppgåva. Så langt det er råd, bør det òg gjevast retningsliner for vurderinga.

Ein bør unngå at sensorrettleiinga inneheld ei utførleg framstilling av dei rettsspørsmåla som oppgåva reiser eller kan reise, og på det viset skapar eit urealistisk inntrykk av kva som kan krevjast av studentane.

Sensorrettleiinga skal gjerast tilgjengeleg for studentane etter at karakterane er fastsette, jf. universitets- og høyskoleloven § 5-3 nr. 3.

2 Sensorutval

Sensorar og undervisarar godkjennast av pro-/visedekan for undervisning. For å bli godkjend krev ein som utgangspunkt eit vekta karaktersnitt på minst karakteren B, eventuelt karakteren 2.65. Det visast elles til fakultet sine retningsliner for godkjenning og val av sensorar og undervisarar.

3 Sensur for avsluttande prøve og andre teljande oppgåver

3.1 Tilhøvet til emneplanane

Føresegnene her om sensur for avsluttande prøve og prestasjonar som skal vurderast saman med avsluttande prøve, skal leggast til grunn der ikkje anna er fastsett i ein emneplan.

3.2 Avsluttande prøve

Er ikkje anna fastsett i emneplanen, skal emnet avsluttast med ein individuell skriftleg prøve under kontroll, jf. det som er sagt i studieplanen under "Vurderingsformer". Om tillatne hjelpemiddel gjeld Utfyllende regler for studier ved Det juridiske fakultet, §§ 3-5 til 3-7.

Til prøven får studentane fire timar om ikkje anna er fastsett i emneplanen.

3.3 Anonymitet

Oppgåvesvara til avsluttande prøve og oppgåvesvar som skal vurderast saman med avsluttande prøve, skal vera påførte eksamensnummeret til vedkomande student, men ikkje namnet, jf. Utfyllende regler for studier ved Det juridiske fakultet, § 3-8 (3). Sensuren skal elles òg – så langt det er praktisk mogleg – gjennomførast slik at namnet på studenten ikkje er kjend for sensorane før karakterane er leverte til fakultetet.

3.4 Kommisjonssensur

Om det ikkje følgjer av emneplanen at vurderinga skal vera stått/ikkje stått, skal det setjast ein karakter frå A til E for stått og F for ikkje stått, jf. universitets- og høyskoleloven § 3-9 nr. 6.

For dei tre første studieåra bør ein sensor ikkje få oppgåvesvar frå studentar som han har vore storgruppeleiar for.

Karakteren for emnet skal fastsetjast etter ei samla vurdering av dei dokumenterte prestasjonane, jf. det som er sagt i studieplanen om "Karakterskala", særskilt underpunkt b). Karakteren treng ikkje svara til eit "gjennomsnitt" av eventuelle hjelpekarakterar for kvar av prestasjonane. For oppgåver o.l. som blir vurderte saman med avsluttande prøve, skal sensorane ta omsyn til kva stadium i emnet dei er skrivne på, og andre omstende rundt skrivinga (tid til skriving, merknader frå medstudentar og lærar osb.). At ein eller fleire prestasjonar isolert ikkje kunne ha fått ståkarakter, hindrar ikkje i seg sjølv at det kan setjast ein samla ståkarakter.

Der oppgåver og liknande blir vurderte saman med avsluttande prøve, skal desse vera med i vurderinga også i tilfelle av ny avsluttande prøve (kontinuasjon).

Dersom det deltek fleire sensorar, bør kvar sensor ha sensur for minst tjue studentar. Sensorane skal setje ein felles karakter for emnet. Blir dei ikkje samde, skal den emneansvarlige peike ut en oppmann. For masteroppgåva peiker leiaren for Studieutvalget ut ein oppmann. Den av karakterane frå dei to sensorane som ligg nærast karakteren som oppmannen set, skal vera karakteren for emnet.

Sensorane har teieplikt om karakterar og grunnlaget for karaktersetjinga.

4 Nivåkontroll

For obligatoriske fag skal det gjennomførast nivåkontroll ved vurderinga av avsluttande prøve og prestasjonar som skal vurderast saman med avsluttande prøve.

Nivåkontrollen skal gjennomførast av emneansvarleg sjølv eller annen lærar som emneansvarleg peiker ut. Berre lærar som deltok ved undervisning og sensur ved same emne kan utføra nivåkontroll.

Nivåkontrollen skjer ved at kvar sensor sender inn eit oppgåvesvar som ligg heilt i den nedre grensa for kvart karakterintervall, det vil seia ein svak A, ein svak B, ein svak C, ein svak D og ein svak E. Etter at nivåkontrollen er gjennomført skal kvar enkelt sensor gjera dei endringar i karaktersetjinga som er naudsynte i lys av eventuelle endringar som er fastsett av nivåkontrollløren.

Ved sensur der det er få kandidatar som tek eksamen, og emneansvarleg ikkje tek sensuren sjølv, gjeld reglane over så langt dei høver.

5 Kommentering av oppgåver m.m.

Den emneansvarlege peiker ut personar som skal kommentere og eventuelt vurdere svar på oppgåver m.m., når det ikkje er tale om vurdering som inngår i fastsetjinga av karakteren for emnet. Desse personane treng ikkje stå i sensorutvalet eller fylle vilkåra for å vera sensor. Det gjeld sjølv om oppgåvesvaret seinare, i same eller ny versjon, blir levert til vurdering saman med avsluttande prøve, og det gjeld òg for oppgåver som må vera greidde før studenten kan gå opp til avsluttande prøve.

6 Innlevering av oppgåvesvar

Oppgåvesvar skal leverast elektronisk i den form og til dei fristar som vert gjort kjent for den einskilde levering. Studenten sitt namn skal ikkje gå fram av oppgåvesvaret. For obligatoriske skriftlege arbeid kan unntak frå desse fråsegnene gjerast i emnebeskrivinga. For friviljuge skriftlege arbeid kan unntak gjerast av den einskilde lærar/rettleiar.

7 Endringar i instruksen her

Fakultetsstyret sjølv kan vedta endringar i instruksen her.

Merknad fra dekan og direktør:

Særlig om en eller to studentrepresentanter

Dekan og fakultetsdirektør ønsker at styret retter særlig oppmerksomhet mot *sikkerhetsaspektet* ved å ha to studenter i oppgaveutvalget vs. en ordning med én studentrepresentant. Det synes utvilsomt at det har forekommet lekkasjer fra utvalgsmøtene, dette er en svært alvorlig kvalitetssvikt. Det må vurderes om denne risikoen øker med to representanter: For det første er det dobbelt så mange som rent faktisk kan lekke informasjon, nettverket som kan sette studentene under press øker også. For det andre vil en ordning med to representanter innebære en potensiell pulverisering av ansvaret for lekkasjer – det vil være betydelig vanskeligere å avdekke hvor det kommer fra og den enkeltes opplevelse av personlig ansvar vil kunne svekkes som følge av det.

Vedtaksforslag:

Instruks om oppgåvegjeving og sensur endres som foreslått.

Asbjørn Strandbakken
dekan

Øystein L. Iversen
fakultetsdirektør

24.05.2016

JOSP